# Orkdal MENIGHETSBLAD

Nr 4 - 2014 - 64. årgang




## Startskudd på årets TV-aksjon

Les mer side 4 og 5.

# VI GÅR I KIRKA

**21. september**
**– 15. søn i treenighetstiden**
**Orkdal kirke** kl 11
Gudstjeneste. Konfirmantjubileum. Foseide. Wrobel

**Moe kirke** kl 11
Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene. Rugland. Wrobel

**Geitastrand kirke** kl 17
Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene. Skolestarter. Lilleberg. Wrobel

**28. september**
**– 16. søn i treenighetstiden**
**Orkdal kirke** kl 11
Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene. Bakken. Furuhaug. Wrobel

**Orkanger kirke** kl 11
Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene. Skolestarter. Lilleberg. Wrobel

**Søvasskjølen Fjellkirke** kl 17
Gudstjeneste. Alle menighetene i Orkdal prosti er innbudt. Rugland. Foseide. Wrobel

**5. oktober**
**- 17.søn i treenighetstiden**
**Orkdal kirke** kl 11
Gudstjeneste . Diakoniens dag. Bakken. Holte Karlsen. Wrobel
**Orkanger kirke** kl 17
Gudstjeneste. Diakoniens dag. Lilleberg. Holte Karlsen. Wrobel
**Moe kirke** kl 11
Gudstjeneste. Konfirmantjubileum. Lilleberg. Wrobel

**12. oktober**
**- 18. søn i treenighetstiden**
**Søvasskjølen fjellkirke** kl 11
Gudstjeneste. Foseide.

**19. oktober**
**– 19. søn i treenighetstiden**
**Orkanger** kirke kl 11
Gudstjeneste. Foseide. TV-aksjonen
**Geitastrand kirke** kl 11
Gudstjeneste. Rugland. TV-aksjonen

**26. oktober – Bots- og bønnedag**
**Orkdal kirke** kl 11
Gudstjeneste . Bakken. Wrobel
**Søvassli Ungdomssenter** kl 12:
Gudstjeneste i forb.m/konfirmantleir. Lilleberg. Pederstad
**Hoston forsamlingshus** kl 19
Gudstjeneste. Rugland, Wrobel.

**Lørdag 1. nov**
**Orkdal kirke** kl 16
Minnegudstjeneste.  Foseide. Wrobel.  Elever fra musikklinja på Follo.

**2. november – Allehelgensdag**
**Orkanger kirke** kl 11
Gudstjeneste. Minning. Lilleberg. Wrobel.
**Moe kirke** kl 11
Gudstjeneste. Minning. Foseide.
**Søvassli Ungdomssenter** kl 12
Gudstjeneste i forb.m/konfirmantleir. Bakken. Rugland. Pederstad.
**Orkdal kirke kl 13**
Gudstjeneste. Foseide. Wrobel.
**Geitastrand kirke** kl 19
Gudstjeneste. Minning. Lilleberg. Wrobel.

**16. november**
**– 25. søn i treenighetstiden**
**Orkdal kirke** kl 11
Gudstjeneste. Bakken. Wrobel.
**Moe kirke** kl 11
Gudstjeneste. Rugland. Wrobel.
**Elvepromenaden** kl 15
Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel.

**23. november – Kristi kongedag**
**Orkanger kirke** kl 11
Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel.
**Helsetunet** kl 16
Gudstjeneste. Foseide. Wrobel.

**30. november**
**– 1. søn i adventstiden**
**Stokkhaugen** kl 11
Gudstjeneste. Bakken. Wrobel.
**Moe kirke** kl 11
Gudstjeneste. Lys våken. Rugland. Wrobel.
**Orkanger kirke** kl 19
Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel. Konfirmantene deltar.

**Ang. offerformål, se gudstjenestelista i avisa Sør-Trøndelag.**

**Velkommen!**

## ?

**Hei**

***Har DU lyst til å styre powerpoint i gudstjenestene?***
***Kan du litt om lyd og tekniske duppeditter?***

Da trenger vi deg! Vi vil gjerne ha et lite team av folk som kan stille opp i enkelte gudstjenester i Orkdal kirke og ta ansvar for slike tekniske ting noen av oss ikke har peiling på.
Vil du være med, send en mail til presten
**eldfrid.marie.h.bakken@orkdal.kirken.no**
Hører gjerne fra deg!

# Vakre haustfargar

For 50 år sia var det ikkje så fargerikt fellesskap i det norske samfunnet som det er i dag. Folk med andre hudfargar var sjeldne å sjå i nærmiljøet. Men i misjonssamanheng var det av og til besøk frå afrikanske land for eksempel. Det blir fortalt om ein afrikanar på Misjonshøgskulen i Stavanger som vart så uroleg da han såg lauvet på trea mista fargen og visna da hausten kom. Og enda meir uroleg vart han over at nordmennene ikkje uroa seg det minste, men gledde seg over dei fine haustfargane. Afrikanaren visste nemleg ikkje at trea ville få grøne blad på nytt når våren kom. Han trudde naturen var sjuk, og det gjorde han utrygg.



Rettnok kan vi bli nedstemt no når hausten kjem og denne vakre , varme sommaren definitivt er forbi. Men vi blir ikkje redde, vi mistar ikkje motet. Vi veit at det kjem ein vår da skaparkrafta frå Gud på nytt vil vekke liv i nakne tre. Nyskapinga skjer om våren på nytt og på nytt for oss. Oppstoda frå dei døde i naturen.

Tenk deg at du opplevde ein haust for første gong. Ville du ikkje da ha vorte uroleg og redd? Slik kjente disiplane til Jesus det da Jesus var korsfesta og død. Den varme, nære og gode tida dei hadde hatt saman med Jesus var no definitivt over. Dei var full av sorg og gråt. Jesu venner var ikkje i stand til å tenke seg at han skulle komme levande tilbake til dei. Maria Magdalena kom og fortalte dei «at han levde og at ho hadde sett han». Da står det om disiplane: da « trudde dei det ikkje».

Dei kunne ikkje tru det, for det var noko som aldri hadde hendt før. Men vi kan tru det. Vi kan ha håp og mot. Maria såg han.i Mange andre vitna om det same. Vi har håp om oppstode frå ei døde. Like sikkert som at vi veit at våren kjem.

*Birger Foseide*



# Gjør dine porter høye

I 2012 ble det laget en ny portal ved inngangen til Orkanger kirkegård fra Orkdalsveien. Den ble laget etter mønster av den portalen som stod der opprinnelig.
Men den var en del lavere enn originalen og for lav for enkelte kjøretøyer som kan ha behov for å passere gjennom den.

Nå har Jens Olsen med gode hjelpere fra Terna Båtklubb gitt portalen et løft både i anvendelighet og utseendemessig.
Resultatet ser du best ved å ta deg en tur til kirka, gjerne i kombinasjon med et gudstjenestebesøk.
Men bildet her gir et visst inntrykk av hvordan den har blitt.



# All verdens forskjell

**- Dette er det beste vannet jeg har smakt, sier Kirkens Nødhjelps generalsekretær, Anne-Marie Helland. Kilden hun drikker av, slukker ikke bare tørsten. Den fjerner fattigdom.**

I landsbyen Koka, i Oromiaregionen sør i Etiopia er lokalbefolkningen samlet rundt den to uker gamle brønnen, boret og bygd av et vannteam fra Kirkens Nødhjelps lokale partneorganisasjon. Historiene er mange:

- Før brukte vi mange timer på å hente vann, forteller en kvinne.
- Ofte måtte vi drikke vann fra dammer som også dyrene drakk av, sier en annen.
- Barna våre var plaget av diaré og sykdommer, istemmer en tredje.

**En ny begynnelse**

Én million mennesker i Etiopia har fått rent og trygt vann gjennom Kirkens Nødhjelps vannprosjekter. Nå går det et «vannskille» også i Koka-folkets liv. Den nye brønnen utgjør all verdens forskjell for hvert eneste menneske i landsbyen.



Siden 1947 har Kirkens Nødhjelp gjort en forskjell for, og sammen med, de menneskene som trenger det mest.

*Kirkens Nødhjelps historie går tilbake til tiden etter andre v erdenskrig. Da Europa lå i ruiner var det de sivile i Frankrike, Nederland og Belgia som fikk hjelp. Men kirkens folk så at nøden var enda større i det sønderknuste Tyskland. «Menighetspleiernes Landsforbund» vedtok i 1947 å sette i gang en aksjon for nød lidende mennesker i Tyskland. Dette engasjementet vokste etterhvert til Mellom-Europa og Midt-Østen, og fikk navnet Kirkens Nødhjelp.*

**Ut av fattigdom**

- Kirkens Nødhjelp tror at mennesker som lever i fattigdom selv er i stand til å skape en bedre tilværelse. Men da må de av og til få litt hjelp; som til å bygge en brønn, sier Helland engasjert.

Med en trygg vannkilde midt i landsbyen kan jentene nå gå på skole, istedenfor på vandring etter vann. Voksne og barn får bedre helse, og det gir mer tid både til utdanning og inntektsgivende arbeid.

- De får rett og slett flere muligheter til å finne sin egen vei ut av fattigdom.

*Kampen mot fattigdom er den viktigste kampen Kirkens Nødhjelp kjemper, gjennom akutt nødhjelp, langsiktig bistand og påvirkning av politiske prosesser. Å gi mennesker varig tilgang til vann er å gi de tilgang til muligheter som kan skape varig endring: Helse, skole og jobb forhindrer fattigdom.*

**Vann gir makt**

I Koka har landsbyen valgt en vannkomité som har ansvar for å drifte brønnen. Alle komiténs medlemmer er kvinner. De krever inn en liten avgift fra innbyggerne, den lønner en mekaniker som vedlikeholder vannpumpa. Vann er fremdeles kvinnenes oppgave, men med nøkkelen til brønnen og alle vervene i vannkomitéen får de nå økt innflytelse i samfunnet.

*Av de rundt 1.4 miliarder mennesker som lever i fattig dom i dag utgjør kvinner over 70 prosent. Kirkens Nødhjelp ser på styrking av kvinners rettigheter som en forutsetning for å redusere fattigdom. Det handler om lik tilgang til ressurser og makt.*



19. OKTOBER 2014
KIRKENS NØDHJELP
TV-AKSJONEN NRK



# VANN FORANDRER ALT

SAMMEN SKAL VI SIKRE VARIG TILGANG TIL RENT VANN FOR OVER 1 MILLION MENNESKER

BLI BØSSEBÆRER FOR TV-AKSJONEN NRK 19. OKTOBER

RING 02025
SEND SMS: TVA TIL 2080
BLIMED.NO

**Bli Bøssebærer!**

Som bøssebærer for TV-aksjonen NRK 2014 er du med å skaffe varig tilgang til rent vann for over en million mennesker. Din innsats betyr mye!

Kontakt Orkdal Frivillinghetssentral: Tel. 90103625 eller registrer deg på **www.blimed.no**

## Startskuddet for årets TV-aksjon i Orkdal gikk på Tusenårsstedet på Fannrem

Konkurrentene ga alt! Vassbæringskonkurransen var en suksess og ble åpnet av ordfører Gunnar Lysholm.



En herlig gjeng med ungdommer fra Orkdal vidaregåande skole og Torshus folkehøgskole stillte i vannstafett. Fantastisk engasjement og nå stiller de også som bøssebærere den 19. oktober.







Etter vannbæringskonkurransen var det møte på Orkdal hvor regionkonsulent i Kirkens Nødhjelp, Lise Hjoberg Martinussen deltok med informasjon og inspirasjon til årets aksjon.





## Kommende lokale arrangementer i forbindelse med TV-aksjonen

Tirsdag 14. oktober kl. 19.00 Basar på Ofstad Samfunnshus

Onsdag 15. oktober kl. 19.00 Møte i Damphuset ved Strandheim Orkanger. Program vil bli annonsert i avisen og på orkdalsmenighetene.no

Søndag 19. oktober kl. 19.00 Konsert i Moe kirke. Medvirkende: Ole Ingvars, Linn Silje Hembre, Elin og Carl Erik Östlund Skjølberg, Sophia Maric, Bård Olsø og Trond Rønning med flere. Endelig program vil bli annonsert.

*Sett av disse kveldene i oktober!*










# "Der kor ingen skulle tru...

**Seks kilometer frå Svorkmo, i retning dei djupe skogane på Hølonda, finn vi Ola Talleraås på ein vakker og særeigen eigedom han har budd på dei siste 8 åra.**



***Kor opplagt var det at du skulle hamne her på Ry?***
Det var eigentleg ikkje opplagt. Eg såg på Ry som ein suveren ferieplass. Men slik livet mitt hadde utvikla seg låg det an til at eg vart buande på Austlandet. Så eg hadde ikkje tenkt å bli buande her, dvs da eg først kom hadde eg bestemt meg for å bli sjølv om det var teit å flytte frå sønene mine i Oslo ( 2 gutar +/- 25 år den gongen). Eg ville prøve å sjå om eg kunne bu her resten av livet eigentleg - og det er der eg er enno da i alle fall. Grunnen var elles at eg vart tidleg pensjonist, og statusen som ufør vart derfor det som opna for at denne flyttinga. Å flytte hit for å vera i arbeid hadde nok vorte for langt inni skauen.

***Når du no da har slått deg til her, kva er den overordna planen din med Ry?***
Den som visste det... Det å få anledning til å male, og i første omgang bygge om låven til atelier og kunne ha utstillingar rundt det var ein av ideane mine med plassen. Og det å bygge det opp til ein fin plass med muring og alt det der. For meg er det like mykje kunst å mure ei trapp som å male eit bilde, og like viktig. I tillegg såg eg Ry for meg som ein plass der den eldre hytta med 6 sengeplassar kunne vere eigna for utlån eller leige for folk som ville oppsøke ro og fredsom vil trekke seg litt tilbake. Ikkje for party og fest, men for å kjenne roa som er her. Men så langt har eg ikkje klart å dra i gang dette, men det ligg der som eit potensiale. Dette er på ein måte ikkje berre mitt, men vårt og kommande generasjonar sitt. Det å kunne leige det ut slik at andre kan bruke det har vore som ein hovudgreie for meg.



***Dei fleste vil oppleva det som at du lever alternativt, langt frå folk og utan innlagt vatn og vinterbrøyta veg. Vil du seie noko om korfor?***
Ein bit av meg likar det veldig godt, likar å vera langt inni her med skogen og roa - det er det største plusset med staden. Samtidig er det det største spørsmålsteiknet - det er i periodar "frøkteli" lite folk rundt meg. Så eg er nok vel mykje aleine i periodar, men eg meiner og trur at det går rette vegen. Eg blir gradvis kjent med fleir. Elles så er det mykje av meg som likar å vera aleine, ikkje for å stikke av frå noko, men fordi det gagnar meg. Også den biten, som handlar om at eg vart pensjonist, nyt godt av den roa eg opplever her - eg blir forstyrra av lydar. Det er derfor også eit valg å ikkje ha fjernsyn, **eg vil gje roa meir tid**. Tid som eg gjerne bruker på lesing, fortrinnsvis av samtidslitteratur, eller berre til å sitte i god ro.

***Landskapspleie og -forming ser ut til å interessere deg og det ser langt frå tilfeldig ut når du utsmykkar naturen. Vil du formidle noko gjennom dette?***
Alt er improvisasjon, enten eg maler, spelar eller murar. Eg eg lite flink til å planlegge langt framover, men eg har ein eller annen slags "grunngreie" som utviklar seg medan eg held på. Det handlar om å få til ein mjuk overgang mellom det kultiverte, hagen, og det ukultiverte, skogen. Dette er noko som fascinerer meg. I tillegg det å forsøke laga noko nytt, ved muring av trapper og stigar, men som skal forestille å ha vore der i lang tid. Ein fantasi der folk kjem utanfrå og finn tilsynelatande gamle murar og andre merke etter folk frå tidlege tider.

***Du har hatt enkelte kunstutstillingar her lokalt. Når kjem neste?***
...forrige haust var visst planen... Kanskje kan det bli neste haust? No er låven rydda og har fått rydda opp i alle bilda mine, så no står dei der mykje lettare tilgjengeleg. Kanskje

# .... at Ola kunne bu?"




gjer det at eg bli inspirert til å vise fram noko meir.

***Du er glad i ord. Huset du bur i har du gjeve namnet "Placebo", korfor?***
Eg kjente til namnet Lykkebo, men det stemte ikkje heilt for min del. "Place" å bo, der den interessante placeboeffekten fekk plass var meir tiltalande. Placeboeffekten gir kroppen evne til å lege seg sjølv gjennom trua på at legemidler verkar. I tillegg er "ace" midt i ordet, og det er eit uttrykk for s-et i kortstokken,- det beste. Dette er den beste plassen!

***Kattene til Ola vitnar også om ein viss sans for ord og namn. Dei heiter Fred og Pis (Peace). Over inngangsdøra skal det stå "Anno no" som eit signal om at her blir det aldri ferdig. Du er ordkunstnar, bildekunstnar, landskapspleiar og lagar og spelar musikk. Du har kanskje nok å gjera eller blir det av og til langsamt å bu her?***
Ja, nokon gonger blir det det. Det er kanskje spesielt viss ein ikkje har ein god dag, og ein ikkje har energi til å ta tak i det ein eigentleg har lyst til. Eg har lyst til veldig mykje, men innimellom har eg ikkje lyst til noko og da kan det bli langsamt. For da er det så lite å flykte til her. Det er ikkje berre å gå ut og gå på kino eller... Kan sjølvsagt kjøre å besøke folk, men nei, det kan bli litt langsamt på dårlege dagar.

***Saknar du nokon gong det å ha eit meir A4 liv?***
Nei, det gjer eg ikkje**. Men eit A4 bad kunne ha vore fint**, så det kjem vel sigande etter kvart. Men elles er eg



på eit vis glad for å ha sluppe unna eit A4 liv.

***Kva med ei lettstelt lita leilighet med ein verandakasse?***
Nei, det høres for enkelt ut. Da må du ha vegg-til-vegg TV, tjukt av abonnement og internett og alt. Men du veit eg hadde ein ide om å ha ei lita leilighet i Trondheim, tenkte å vera mykje meir i Trondheim, har jo kompisar der, og mykje foregår på kulturfronten der. Men eg såg at det berre vart sjeldnare og sjeldnare turar til byen, og no kan det gå halvåret i mellom. Så ei leilighet i Trondheim hadde nok vorte ståande ubrukt, eg er for utålmodig og ville raskt ha lengta til Ry. Det er godt å slippe unna den "kjøpegreia" som er i byen.

***Korleis opplever du at livet ditt som skogseremitt blir oppfatta av dei rundt deg?***
Det veit eg ikkje heilt, men trur folk ser at det er ein del av meg som har det bra her. At det kanskje vises litt at eg trivst med å halde på med det eg gjer. Må i alle fall seie at eg har vorte godt mottatt både av fastbuande og hyttenaboar. Ein er avhengig av å ha folk å snakke med og diskutere med somtid, og det har eg fått her. Dessutan har eg ein veldig god nabo her, lomen. Lomen på vatnet er ikkje å kimse av!

***Du har sagt at Ry er eit paradis. Har det naturnære livet du lever i dag endra deg på noko vis?***
Nei, trur eg har vore litt som no alltid, men har no kunna gått djupare inn i det over tid. Også da eg var gift såg vi for oss noko slikt og vi kjøpte oss eit lite småbruk, så den naturnære levemåten har ligge litt i korta. Biodynamikk opptok meg som ung, så det å dyrke hadde eg tenkt eg skulle gjera meir enn eg har gjort så langt. Dyrke meir mat og bli meir sjølvberga er eit mål. Det inspirerer meg veldig at ting veks og gror, så hagen her er slik sett viktig for meg. Hage er fint også på det viset at om energien er låg, kan ein orke å halde på i ein hage, tusle rundt, luke litt, klippe litt. For eg er litt fanga av det at eg kjenner på at eg må gjera litt heile tida, det må liksom vera ein produksjon av noko slag. Det var dei kanskje enda meir opptatt av før i tida...

***Du har vald å ha ein minnelund her på Ry...***
Det starta med at eg tykte det var noko godt med den plassen der minnelunden skulle bli liggande, og tenkte og sa at her skulle eg ha hatt eit kapell. På den tida var eg opptatt av meditasjon, så eit lite hus for meditering var første tanke. Men eine



søstera mi sa, "nei Ola, kapell da, kall det eit hov ", for ho som meg var ikkje knytta opp mot nokon trusretning. Men hov vart for rart for meg, så eg kallar det ein minnelund. Denne søstera mi døydde nokre år seinare og ho hadde tidleg sagt at ho kunne ha tenkt seg ein minnestein her på Ry. Så derfor er det ein stein der med namnet hennar og oska hennar er spreidd i skogen her. No er dette utvikla seg litt til å vera ein minnelund der det også er gravlagt kjæledyr. Her er det også ein stein dei to sønene mine har brakt hit som minne om mora si, eksen min. Det er ikkje ein gravplass, men ein minnelund. Tenker også at når min dag kjem, vil eg også ha ein stein bortpå der.

*Torgeir Fagerli*

# Follolaget




**For mange av leserne av Orkdal menighetsblad er Follolaget et begrep. Et kristelig skolelag ble starta på Orkdal landsgymnas i 1932 og var et betydningsfullt innslag i skolemiljøet i et par mannsaldrer. Ikke minst var det betydningsfullt for livsmestring og livsretning for mange enkeltpersoner.**
**Ved tusenårsskiftet skranta skolelaget og aktiviteten ble lagt ned.**
**Men siste skoleåret hørte vi rykter om at skolelaget hadde begynt å røre på seg igjen! Vi tok kontakt med Bernt Kristian Svorkdal og Mathilde Klungland Ljøkjel for å finne ut hva som skjer på Follo.**

*Hva gjorde dere for å få igang et kristelig skolelag på Follo igjen?*
- Vi snakket med Elisabeth Hogstad Nilsen, som er leder/sekretær (vet ikke helt) i NKSS (tru jeg). Hun hjalp oss å etablere, noe som var enkelt.

*Hvorfor gjorde dere dette?*
- Fordi det eksisterte et skolelag der vi gikk på grunnskolen. Dette syntes vi var morsomt, og ønsket å få til noe lignende på Follo, siden vi har mange positive erfaringer og minner fra laget på Svorkmo.

*Er det noen andre interessegrupper som har samlinger på Follo i dag?*
- Nei

*Er det bare orkdalinger som var med i skolelaget?*
- Ja, unntatt ei fra Rennebu




*Fikk dere kommentarer fra medelever?*
- Ingen har kommet med negative kommentarer om selve skolelaget, men flere har gitt utrykk for at de trives

*Var skoleledelsen positiv?*
- Ja, de var hjelpsomme og positive.

*Hvilken verdi har det å samles i kristen sammenheng på skolen?*
- Det er veldig fint å kunne treffes å være med i et fellesskap der du er god nok uansett. Du får en følelse av ikke å være alene om å være kristen. Det er også veldig sosialt.

*Birger Foseide*

Svarene er skrevet av Bernt Kristian Svorkdal.

*Fra venstre på bildene:*
*Bernt Kristian Svorkdal, Mathilde Klungland Ljøkjel, Erlend Fagerli og Lea Lipphardt.*

# Det skjer i Menighetene

| | | |
|---|---|---|
| **September** | | |
| Ma 29. kl.19.30 | Møte i Orkdal Normisjon | Orkanger menighetshus |
| **Oktober** | | |
| On 1. kl 20.00 | Normisjon Svorkmo, Misjonskveld | |
| | med Ragnhild Tronvoll | Svorkmo misjonshus |
| Ti 7. kl 18.00 | Hyggetreff med | |
| | Ingrid Holte Karlsen: Prøysen | Orkanger menighetshus |
| To 9. kl 17.30 | Malaba | Orkanger menighetshus |
| Sø 12 kl. 17.00 | Søndagssamling med | |
| | Oddveig og Ørjan Tinnen | Orkdal menighetshus |
| Ti 14 kl. 19.00 | Basar for TV-aksjonen på | Ofstad Samfunnshus |
| Ma 13 kl. 17.30 | SIMEN | Orkdal menighetshus |
| On 15 kl. 19.00 | Møte for TV-aksjonen | |
| | Kirkens Nødhjelp | Damphuset ved |
| | | Strandheim Orkanger |
| 13-17 | Møteuke med Turid Rørmark | Svorkmo misjonshus |
| Sø kl. 19.00 | Konsert til inntekt for TV-aksjonen | Moe kirke |
| Ons 22 kl 11.00 | Eldretreff | Svorkmo Misjonsshus |
| Sø 26. kl. 16.00 | Familiemøte Orkdal Normisjon | Stokkhaugen bedehus |
| On 29. kl.18.30 | Lectio Divina | 2. etasje i Orkdal mhhus |
| On 29. kl. 20.00 | Normisjon Svorkmo, | |
| | Møte med Inger Brit Rødberg | Svorkmo misjonshus |
| Fr 31. kl. 18.00 | Basar for NMS/Normisjon | Orkanger menighetshus |
| **November** | | |
| Ti 4. kl 18.00 | Hyggetreff med Sverre Solberg | Orkanger menighetshus |
| Lø 8. kl. 16.00 | Bibeltimer med Egil Sjaastad. | |
| | To økter med kaffepause mellom. | |
| | Tema: Guds plan med | |
| | menneskene beskrevet gjennom | |
| | salmer og sanger. | Orkdal menighetshus |
| Sø 9. kl. 17.00 | Søndagssamling | |
| | med Egil Sjaastad | Orkdal menighetshus |
| On 12. kl. 20.00 | Vårlivmøte med Kristian Fagerli | Hos Kari og Arnt Tronvoll |
| To 13. kl 17.30 | Malaba | Orkanger menighetshus |
| Fre 14-lør 15. | NLM Julemesse. Taler: Ivar Moen | Fannrem Menighetshus |
| Ma 17. kl. 17.30 | SIMEN | Orkdal menighetshus |
| Ons 19 kl 11.00 | Eldretreff | Svorkmo Misjonshus |
| Ma 24. kl. 19.30 | Møte i Orkdal Normisjon | Orkdal menighetshus |
| On 26. kl. 18.30 | Lectio Divina | 2. etasje i Orkdal mhhus |
| On 26. kl. 20.00 | Normisjon Svorkmo, Temamøte | Svorkmo misjonshus |

# For barn og unge

**Svorkmokorvettene** på Svorkmo misjonshus
Tirsdager kl. 17.30-18.45: 7.10,21.10,4.11,18.11, 2.12

**Skolelaget Svorkmo** på Svorkmo misjonshus 2. etasje
Mandager kl. 19-21: 29.9,27.10, 4.11, 15.12

**Orkdal Soul Children** på Orkdal menighetshus
Onsdager kl. 18.00-19.30: 22.10, 5.11, 19.11, 3.12

**Torsdagsklubben** på Orkdal menighetshus
Torsdager kl. 19-21.30: , 2.10, 16.10, 30.10, 13.11, 27.11, 11.12

**Babymassasje** Nytt kurs starter 5.11
Påmelding via www.orkdalsmenighetene.no

**Barnesang** for barn fra 8 mnd til 2,5 år på Orkdal menighetshus
Onsdager kl. 17.00-18.00: 15.10,19.11



# Kirkevergens spalte:

## Vatn

er tema for TV-aksjonen i år. I orkdalen har vi skjeldan problem med at det er for lite vatn. Så, kva er eigenleg problemet? Kanskje vi kan ta eit minutt å tenkje på korleis det er å ikkje ha vatn. Korleis er det da? Forresten, det var visst noen som fekk tørre brønnar i den fine sommaren i sommar.

Eg bur på Fannremsmoen. Korleis hadde det vore for meg å måtte gå til Kjøra, til Hoston eller til Viggja for å hente vatn? Og da seier eg GÅ. Og da hadde eg fått med meg så mye / lite vatn som eg kunne ha bore med meg. Kanskje 10 liter, maks. Og – eg hadde brukt heile dagen på å gå att og fram for å hente det.

Ved å vere med på TV-aksjonen, med dei ymse arrangemanga som er i veka før den; - som bøsseberar og / eller gjevar den 19.okt – og seinare som bøsseberar, gjevar, støtte til konfirmantane som kjem og samlar inn pengar den 24.mars 2015 – kan vi vere med å gjere slik at fleire kan få vatn der dei bur, så dei kan få brukt tida si på andre ting enn vasshenting. Og – neste gong det kjem ei skikkeleg regnskur her, eller fleire dagar med regn. Har vi eigenleg noe å klage over?

GOD haust!

# Slekters gang

## DØPTE

**Orkdal**

08.06 Marion Kvam Aalberg
Alfred Hammervik Hjartholm
Maja Sommerschild Aas
Sigrid Harsvik Moe
Arn Blomli Haugen
14.06 Signe Lie Krokstad
06.07 Ada Lium Eggamo
Martin Aldèn-Skaugen
Jonah Jensen
Henrik Mælen Melvold
03.08 Dennis Andresen Meland
Per Johan Sødal,
døpt i Molde domkyrkje.
Aron Matheo Simonsen Huseynov
31.08 Mathias Stendahl Kristoffersen
Mariell Lereggen Samskott
Anne Louise Dugenio Berbusmel
07.09 Fillip Johan Grønland Ztony
Oliver Arn Grønland Ztony
Agnes Solem Johansson

**Orkanger**

29.05 Edward Gabriel Berg Løkken
08.06 Ida Sæther Ree,
døpt i Børsa kirke.
22.06 Kine Ofstad-Gangaas
Jonas Jamtøy
29.06 Simon Nyborg Folvik
Matias Cardona Halsetrønning
24.08 Haakon Bachke-Solem
Emil Andreas Hammervik-Elvenes
Leander Johansen

**Moe**

24.05 Katja Sofie Näveri Larsen
08.06 Sandra Svorkås Herfjord,
døpt i Lensvik kirke.
15.06 Lovise Trønnes Bergem
Eirik Bonvik
29.06 Johan Lilleås Berg
20.07 Eivind By Monseth
Aksel Lillery Syrstad
24.08 Vegard Skårild Opøien

**Geitastrand**

15.06 Ane Ingeborg Ringli Skorild,
døpt på Geitaneset.
31.08 Edvard Gjeten

## VIGDE

**Orkdal**

07.06 Ingunn Staven Salberg og Kjetil Salberg
Ann Elin Sølberg og Espen Alexander Halnes, Oslo
14.06 Tone Røvik og Jo Andreas Kaarstad
viet på Orkdal kirkekontor.
17.06 Tone Anita Dalen og Magne Wuttudal,
viet på Orkdal kirkekontor.
21.06 Heidi Nordgaard og Atle Erik Rekstad
28.06 Monica Reitan og Ray Christian Hammond Myrling
28.06 Anne Martha Skauge og Stefan Forbergskog, Oslo
05.07 Tina Alstad Aamo og Øystein Aamo
12.07 Marianne Snildal og Ivar Mostuen
15.07 Maren Sandfærhus og Andreas Rønningen, Trondheim,
viet på Orkdal kirkekontor.
19.07 Alice Nøsen og Kenneth-Andre Hansen
16.08 Eli Johanne Wolden og Terje Nesbakken Lillegraven, Oslo
23.08 Gunhild Eriksen og Tore Holt Bang

**Orkanger**

24.05 Tone Linn Togstad Hammervik og Pål Tore Olsen, Oslo
31.05 Agnes Magdolna Køteles og Arve Tokle, Heimdal,
viet ved Bårdshaug Herregård.
14.06 Marie Løfshus Amdahl og Frank Bye
19.07 Ina Maria Myrvoll Arntzen og Ronny Reksen
Heidi Hårstad og Frank Robert Gulbrandsen
23.08 Hege Ulkestad og Kjetil Brattset
30.08 Anett Jessica Mariell Lorentzen og Roar Lorentzen

**Moe**

16.08 Siri Beate Mo Rønning og Ole Jacob Rønning
23.08 Linda Andersen og Gunnar Dalen
06.09 Kjersti Hoel og Sigmund Arntsønn Tronvoll

**Geitastrand**

31.05 Anita Husdal Rønning og Tom André Husdal Rønning
26.07 Inger Synnøve Andersen Arntzen og Per Arne Kjøren, Råholt
02.08 Berit Halsen Davidsen og Anders Ustad

## DØDE

**Orkdal**

| | | |
|---|---|---|
| 28.05 | Gosse Romkes | f. 1931 |
| 12.06 | Inger Helene Skjenald | f. 1942 |
| 17.06 | Inge Halgunset | f. 1943 |
| 25.06 | Gerd Skarsvåg, Meldal | f. 1936 |
| 05.07 | Gudrun Sundli | f. 1923 |
| 02.07 | Stein Dørdal | f. 1951 |
| 07.07 | Gunnar Hilde | f. 1936 |
| 08.07 | Arna Mjøen Volløyhaug | f. 1963 |
| 18.07 | Sigrid Trelease | f. 1925 |
| 26.07 | Ada Melien | f. 1929 |
| 03.08. | Johan Rian | f. 1937 |
| 05.08 | Steinar Grimsen | f. 1943 |
| 14.08 | Astrid Elfrid Stokkan Dzinko | f. 1955 |
| 27.08 | Liv Vatslag | f. 1931 |

**Orkanger**

| | | |
|---|---|---|
| 24.05 | Robert Kattem | f. 1978 |
| 03.06 | Hildur Beate Strand | f. 1923 |
| 05.06 | Emrik Bye Værnes | f. 2014 |
| 14.06 | Elling Metliås, Trondheim | f. 1975 |
| 17.07 | Sølvi Sand | f. 1920 |
| 18.08 | Knut Reidar Karlsen | f. 1943 |
| 31.08 | Ingrid Solem | f. 1948 |
| 03.09 | Johanne Prestmo | f. 1929 |

**Orkland**

| | | |
|---|---|---|
| 06.06 | Kåre Nilsen | f. 1934 |
| 15.06 | Ingvald Grø | f. 1926 |
| 17.06 | Ingeborg Brattli | f. 1926 |
| 09.07 | Henrik E. Hoston | f. 1919 |
| 23.07 | John Fagerli | f. 1923 |
| 23.07 | Sigurd Svorkdal | f. 1930 |

*Over 90 kor over hele Norge!*
*10 kor i Trøndelag!*

orkdal soul children

**Velkommen til Orkdal Soul Children!**

Vi treffes: 22. oktober, 5. november, 19. November, 3. desember og 17. desember kl mellom 18.00-19.30

Alle ungdommer, gutt som jente, fra 10-15 år – Bli med!
Les mer på nettsidene: **www.soulchildren.no**

Fengende rytmer, flott musikk, masse gøy sosialt, og selvsagt skal vi dele sangen og gleden med andre i Orkdal!

*Hilsen Crewet i Orkdal Soul Children*

**Vedrørende begravelsen til Astrid Stokkan Dzinko**

Vi (Begravelsesbyrået Høivik) vil korrigere teksten på baksiden av sangarket /programmet som vi trykket vedr. begravelsen til Astrid Stokkan Dzinko, hvor det stod opprinnelig:

*Takk for din deltagelse.*
*Familien*

Det skal være:
*Takk for din deltagelse.*
*Fikret m/familie.*

# Støtt våre annonsører!

OTI-senteret RINGO Tlf 72 48 41 11

expert
Orkanger – Tlf 72 48 37 50

Orkdal Skrift- og Steinhuggeri
Gravmonumenter / inskripsjoner / oppussing
Jostein Hølvik, Dikesveien 1, 7320 Fannrem – Tlf. 72 48 50 60

Orkanger Kjemiske Renseri
Orkdalsveien 26B
7300 Orkanger

Advokat FOSSVOLL
Ola Fossvoll ola@fossvoll.no
Kari Fossvoll kari@fossvoll.no
Orkdalsvn. 31 – 7300 Orkanger Tlf. 72 47 99 80
www.fossvoll.no

VINTERVOLL

...Orkdalsbanken!
ORKDAL SPAREBANK

Toyota Hell Bil
Fornuft & følelser
Løypstrengen 14 – 7300 Orkanger – Tlf. 982 94 960

Orkdal Begravelsesbyrå AS
Kontor med utstilling av grav-
monument i Fannrem sentrum
Tlf 72 48 56 41

Orkdal BLOMSTER AS
72 48 10 20

Orkanger Parfymeri a/s
Tlf. 72 48 02 44 – Fax. 72 48 81 10 – Orkanger

WASHINGTON MILLS AS
7300 Orkanger

Kløpper'n
DAME- OG HERREFRISØR
Elin, Eva og Kristine
72 48 08 90
Orkdalsvn. 65 • Orkanger

Solruns Heimlaga
952 26 685 – Orkanger

Orkdal Bil AS
www.orkdalbil.no

MØBELRINGEN
Skaper trivsel!

ORKDAL energi
www.orkdalenergi.no

Begravelsesbyrået Høivik
TLF 72 48 50 60 – 7320 FANNREM

BYGDESERVICE
Ta kontakt på Tlf. 905 10 945 eller epost
post@orkla-bygdeservice.no
Besøk oss i Megardsvegen 1 7320 Fannrem
Vi utfører stell og beplantning av gravsted
Vi gjør det meste for de fleste!

Orkedalsveien 67, 7300 Orkanger, tlf 72 48 22 50
Størseth Ur Optikk

Gjølme Sementvarefabrikk AS
Tlf. 72 48 03 93

Orkel

Orkdal Varme & Sanitær A.S.
Fannrem – Tlf. 72 48 53 93

• GRAVSTELL/BEPLANTNING
• GRAVMINNER/OPPUSSING/SIKRING
Kontakt oss på telefon, e-post, via kontaktsiden på vår nettside eller besøk oss på vårt kontor i Levanger sentrum.
KirkegårdsService Midt-Norge
KirkegårdsService Midt-Norge
Kirkegt. 56 / 7600 Levanger
Tlf 74 60 17 20 / e-post: post@kirkegaardsservice.no
Nettside: www.kirkegaardsservice.no

Orkla Grafiske
72 48 23 20 - firmapost@orklagrafiske.no

Støtt våre annonsører!

CHRONO Orkanger GULL FUNN
Orkanger Ur og Gull AS – OTI-Senteret – Tlf 72 48 78 90

## MENIGHETSDATA

**SERVICTELEFON:**
**Tlf. 92 84 44 81**

**ORKDAL KIRKEKONTOR**
Blomstervegen 12, 7320 Fannrem
**Åpningstider**
Mandag – fredag kl 9 – 14
Tirsdag kl 10 – 14
Prestene: tirsdag og torsdag kl 10 - 12
**E-post**
post@orkdal.kirken.no
Internett/hjemmeside
www.orkdalsmenighetene.no
**Telefoner**
Kontoret…………… 72 47 97 50
Telefax…………….. 72 47 97 58

**Ansatte**
Kirkeverge Margit Sødal 72 47 97 55
Prost B. Foseide 72 48 51 42
995 18 155
Sokneprest P. O. Lilleberg 928 59 980
Sokneprest Å. Rugland 986 25 418
Sokneprest E-M H Bakken 930 33 641
Kateket Olav Pederstad .. 72479750
Diakon Ingrid Holte Karlsen 48275642
Organistene Wrobel….. 72 48 55 84
Sekretær Gunvor N. Kjerstad
Menighetspedagog
Kim Terese Furuhaug 90763838
Klokker/diakonimedarb.
Hildegunn Rydland Eikli
Sekretær Geir Olav Valstad
Klokker Terje Håvardstad Jonassen
Renholder Justyna Michalak
Kirketjener Tor Brage Fagerli
Kirketjener Daniel Hellstrøm

**MENIGHETSRÅDENE**
**Orkdal menighetsråd**
Leder: Tore Martinsen
**Orkanger menighetsråd**
Leder: John Egil Bergem
**Orkland menighetsråd**
Leder: Jan Arild Dahl
**Geitastrand menighetsråd**
Leder: Pål Ove Lilleberg

**Orkdal kirkelige fellesråd:**
Leder: Ivar Nerhoel

**ORKDAL MENIGHETSBLAD**
Utgis av Fellesrådet i Orkdal.

**Adresse vedr. redaksjon, ekspedisjon og økonomi:**
Orkdal menighetsblad
Orkdal kirkekontor, 7320 Fannrem
Konto: 6401 06 95056
Mrk. «Gave menighetsbladet»

**INFORMASJON**

**RETURADRESSE:**
**Orkdal Kirkekontor, 7320 Fannrem**




## På gården Skjølberg Søndre på Svorkmo bor Elin Östlund med familie. Ute på tunet er det dyr og framme i hagen bugner det av blomster og grønnsaker.

Elin har de siste årene sunget mye i kirkene her i Orkdal og derfor bestemte jeg meg for å spørre henne om hva som er hennes salme. Ja, om det er en spesiell salme som ligger hennes hjerte nært.



Elin har bladd i sin svenske salmebok og hun har ikke bare funnet en, men to salmer. Den ene er «Tryggare kan ingen vara» kjent som «Ingen er så trygg i fare» her i Norge og den andre er salmen «Jag løfter ögat mot himmelen».

Elin vokste opp i Ranseter, et lite sted 5 mil nord for Karlstad. Pappan jobbet som pianolærer ved en kristen folkehøgskole drevet av den svenske kirken. Elin og søsknene ble derfor tidlig med på det som skjedde i kirkens regi på hjemstedet. «Barntimman» var en gruppe for barn hvor det ble sunget salmer og det ble lest fra barnebibel og hvor de drev med aktiviteter. Hun ble også tidlig med i barnekor i kirken og siden i speideren. Det var i denne tiden hun ble kjent med  og ble glad i disse to salmene.

«Særlig disse to ble en viktige for meg i oppveksten. Dem lærte jeg på «barntimman» og det ble sanger som talte om at jeg var sett av Gud og som gav trøst og trygghet i oppveksten, særlig i stunder der livet var tøft.»
«Det er noe med det man lærer når man er liten» sier Elin og forteller at dette er salmer hun fremdeles synger.

**Jag lyfter ögat mot himmelen**
*Jag lyfter ögat mot himmelen och knäpper hop mina händer.*
*Du kära Gud som är barnens vän, till dig min tanke jag vänder.*

*Jag är så glad att få tacka dig, och gärna vill jag det göra.*
*Jag vet det visst att du ser på mig, och vad jag ber vill du höra.*

*Tack för allt gott du mig ständigt ger att känna, älska och äga.*
*Tack, gode Fader, för mycket mer, än jag kan tänka og säga.*

*Så skydda mig med din stärka hand, du Fader god utan like,*
*och låt mig växa för livets land, som är ditt himmelska rike.*

*Åse Rugland*

Orkla Grafiske AS ☎ 72 48 23 20